



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Kultur og Idrettsavd. i Hordaland Fylkeskommune
Pb 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:

14/204-2/K1-243/ALE

Direkte innval:

56 52 70 60

Stad/Dato:

20.05.2014

Innsending av rapport for bruk i 2013. Den kulturelle spaserstokken.

Ulvik herad mottok kr.25.000 til Den kulturelle spaserstokken for 2012

Midlane er nytta slik i 2013:

Eldrerådet og Ulvik Pensjonistlag skipa til aktivitetsdag for eldre i Ulvik 18.05.2012, der og Granvin Pensjonistlag var invitert til å vera med.

Dagen starta med båttur til Hardangerbrua med etterfyljande servering av middag og kaffi/kaker. Der var diverse kulturelle innslag, mellom anna musikk av felespelar Leif Rygg frå Voss.

Det deltok i alt 83 personar og tiltaket var svært vellukka.

Kostnad kr.11.100,-

Ulvik Frivilligsentral fekk eit tilskot frå den kulturelle spaserstokken i samband med at dei arrangerte forestillinga "Vi skal ikkje sova bort sumarnatta"

Framsyning var ei reise i Aslaug Låstad Lygre sitt liv og diktning presentert gjennom dikt, drama og musikk.

Framsyninga er skriven av Agnete G. Haaland og Linda Fosse. Musikken er komponert av Linda Fosse og Geirr Tveitt. Med songar/skodespelar Linda Fosse. Om lag 60 personar deltok.

Kostnad kr.6.500,-

Ulvik Pensjonistlag arrangerte 18.03..2012, i samarbeid med Hardanger Fartøyvernssenter visning av programmet "Då sjøen var vegen". Eit biletspel der Gunnvald Wallevik fortalde til bileta frå samlinga etter Anders P. Wallevik. Programmet vart presentert av formidlingsleiar Oddvar Soldal ved Fartøyvernssenteret og der publikum vart invitert til å delta med sine minne om samferdsle og daglegliv. Om lag 40 personar deltok.

Kostnad kr.3.000,-

Ulvik Pensjonistlag/Eldrerådet skipa til arrangementet «Advent i ord og tonar» v/TRIADE (Geir Barsnes, Brith Barsnes Bjordal, Terje Onstad).

«Advent i ord og toner" var eit t program som fekk fram den spesielle førjulsstemninga, og



E-post

ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon

56527000

Fax

56527001

Bankkontonr.

3450 19 70001

Organisasjonsnr.

971 159 928

var innom dei kjende julesangane og dei klassiske perlene. Dei framførde også eigne viser, dikt og historiar med glimt i auge. Kostnad kr.4.400,-

Heile tilskotssummen på kr.25.000 er nytta til flotte arrangement for eldre i Ulvik herad.

Med helsing

Anne-Marit Lekve
Konsulent



Hordanger

E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928